

**Referat frå styremøte nr. 2, 2014**

**Dato:** 28.02.2014

**Tid:** Kl. 09.30 – 12.00

**Stad:** Ålesund Kunnskapspark, møterom Husafjellet

**Til stades:**

*Frå styret:*

Styreleiar Bjørn Sandnes, Haram kommune  
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune  
Styremedlem Kari Grindvik, Skodje kommune  
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

*Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Prosjektleiar Anne Mette Liavaag  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Ordførar Thorbjørn Fylling, Ørskog kommune (på sak 9/2014)  
Prosjektleiar Jan Petter Eide, Ålesund Kunnskapspark (på sak 10/2014)

**Forfall:**

Styremedlem/nestleiar Arnulf Goksøyr, Herøy kommune  
Styremedlem Geir Ove Vegsund, Sula kommune  
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune  
Varamedlem Eva Fjørtoft, Sandøy kommune  
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

**Referent:**

Vegard Sperre Austnes

**Referatdato:**

03.03.2014

**Sak 7/2014: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Innkallinga til møtet vart godkjent. Som saker til eventuelt vart meldt henvending frå Tibe PR med tilbod om kursing i kriseleiing i kommunane, samt spørsmål om kommunal finansiering av Mission Possible. Sjå sak 13/2014 Eventuelt for meir om desse sakene.

**Sak 8/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 1 – 2014). Referatet følger vedlagt.** Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent med ein merknad om det at i framlegget til vedtak i sak 4/2014 skal stå at neste styremøte er 28.02. (ikkje 21.02).

**Sak 9/2014: Samfunnsutvikling Sunnmøre – vidareføring av prosjektet Sunnmøre i framtida**

Ved prosjektleiar Anne Mette Liavaag

Styret fatta i forrige styremøte følgjande vedtak: «*Styret ber administrasjonen om å arbeide vidare med forslag til prosjektorganisering/handlingsplan og budsjett med sikte på ytterlegare spissing og konkretisering av tiltak og vidare klargjering av mogleg finansiering.*

*Et bearbeida forslag vert sendt til uttale i rådmannsmøtet før behandling i styret og representantskapet.»*

Administrasjonen hadde til styremøtet laga eit notat der ein konkretiserer dei prioriterte områda i vidareføringa av Sunnmøre i framtida som styret og representantskapet tidlegare har slutta seg til. Dei prioriterte områda er:

1. Kommunereform. Jf. vedtak i sak 4/2014 har styret vedteke at regionrådet skal ha ei offensiv rolle i den varsla reforma, og gitt administrasjonen i oppgåve å arbeide med ein modell for korleis dette arbeidet kan organiserast. Administrasjonen sitt forslag til modell vart sendt ut til møtet.

Prosjektleiar Anne Mette Liavaag sa at regionrådet kan ha ei rolle som vertskap for møter mellom kommunane. Frå styret vart det kommentert at SR skal vere nøytrale i saka. SR si rolle skal vere både å frambringe kunnskap om reforma til kommunane og formidle kommunane sine synspunkt til sentrale myndigheiter. Det vart teke til orde for at initiativa til ulike møtepunkt som vert tekne ute i kommunane må få gå sin gang.

Vidare vart det bedt om at administrasjonen i SR sender ein e-post til medlemskommunane om styret sine tilrådingar.

Liavaag sa at administrasjonen i regionrådet har bedt om eit møte med kvar av medlemskommunane for å diskutere det vidare arbeidet med kommunereforma.

Vidare informerte Liavaag om at Fylkesmannen i Møre og Romsdal på representantskapsmøtet i SR 28. mars 2014 vil informere om ekspertutvalet si tilråding om kriterier og prinsipp for ny kommunestruktur. Liavaag har også invitert statssekretær Jardar Jensen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet til møtet.

Liavaag kom med forslag om å legge opp til eit nytt dialogmøte for kommunane etter kommuneproposisjonen 14. mai 2014. Styret konkluderte med eit lunsj til lunsj møte 5. og 6. juni 2014. Det kom forslag om Geiranger eller Ulsteinvik som møteplass.

Liavaag sa at det er naturleg at regionrådet utarbeider utfordringsnotatet som representantskapet ba om i forrige møte etter at kommuneproposisjonen er lagt fram 14. mai 2014.

Liavaag peika på at kommunereforma kan vere blant tema på ein eventuell Sunnmørskonferanse og Arena Sunnmøre 25. og 26. september 2014.

Vidare kom Liavaag med forslag om å gjennomføre ei innbyggjarundersøking i høve til kommunereforma. Svare skal hjelpe kommunane å kome vidare lokalt. Resultata kan presenterast på Sunnmørskonferansen. Det kom innspel frå styret om at ei slik undersøking bør undersøke «regionfølelsen», dvs. kven ein samarbeider med.

Liavaag viste endeleg til at det er laga eit budsjett for prosjektet så langt.

Medlem i referansegruppa for ekspertutvalet som arbeider med kommunereforma, Thorbjørn Fylling (ordførar i Ørskog kommune), deltok i styremøtet på denne saka.

Fylling sa at reforma er i startfasen. Vidare sa han at Anne Mette Liavaag trekkjer opp ein ryddig og god prosess for arbeidet med kommunereforma. Fylling syntes det var rett prioritering av regionrådet å bruke tid ute i kommunane, og skape prosessane der. Han hadde ikkje høve til å seie noko om konklusjonane i referansegruppa. Fylling sa at Sunnmøre regionråd må få i gang prosessen, og at ein må stille seg spørsmålet kva innhaldet i ein kommune skal vere i framtida. Kva er ei robust kommune? Han sa at SR og medlemskommunane burde arbeide med spørsmåla som er ekspertutvalet sitt mandat.

## 2. Etablere samarbeidsavtalar om strategiar og tiltak

Liavaag orienterte om at administrasjonen har utarbeidd eit forslag til samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, men at fylkeskommunen vil at SR i staden skal søkje på prosjekt.

Vidare orienterte Liavaag om at ein har hatt eit møte med Sparebanken Møre for å diskutere samarbeid. Det kan bli aktuelt å søkje banken om midlar til å arrangere Sunnmørskonferansen.

Sjå sak 10/2014 når det gjeld samarbeidsavtale med Ålesund Kunnskapsark AS.

3. Kompetanseutvikling – studietur til Stavanger 17.-19. mars 2014. Program og deltakarliste er utarbeidd og sendt til kommunane. Liavaag orienterte om at 20 personar frå 10 kommunar er påmeldt.

Kompetanseutvikling - Kompetanseløft innovasjon. Høgskolen i Lillehammer (HiL) tilbyr i samarbeid med KS eit studium i innovasjon for kommunesektoren. På spørsmål frå Liavaag har HiL sagt at dei er interessert i å køyre ein pilot med studentar frå sunnmørskommunane. Lokale innovasjonsmiljø på Sunnmøre kan eventuelt også inviterast til å vere samarbeidspartnerar i ein slik pilot.

4. Sunnmørskonferansen 2014. og 5. Arena Sunnmøre 2014: Liavaag kom med framlegg om at Sunnmørskonferansen og Arena Sunnmøre vert slått saman til eit to-dagars arrangement. Forslag til datoar er 25. og 26. september 2014.

6. Regionalt kulturløft. Kultursamarbeida på nordre og søre Sunnmøre har utarbeidd eit felles samarbeidsdokument. Dei signaliserar at SR kan ha ei koordinerande rolle i det vidare arbeidet.

7. Samferdsel. Liavaag viste til at samferdsel er eit stort og viktig område som både styret og representantskapet tidlegare har peika på. I denne samanhengen har administrasjonen i SR bedt styret vurdere om SR bør tilførast (økonomiske) ressursar for å kunne vidareføre arbeidet frå Sunnmøre veginvest AS og få rullert Sunnmørspakken.

*Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:* «Styret vedtek forslaget til prosjektorganisering, handlingsplan og budsjett for Samfunnsutvikling Sunnmøre slik det går fram av administrasjonen sitt framlegg».

*Framlegg til vedtak frå styremedlem Jarle Bjørn Hanken:* «Styret tek førebels sak 9 – 2014 til orientering. Saka skal i henhold til tidlegare styrevedtak i sak 3 – 2014 til uttale i rådmannsutvalet før handsaming i styret og representantskapet. Styret føreset at ein arbeider vidare i høve til kommunereforma som skissert.»

Jarle Bjørn Hanken sitt framlegg vart einstemmig vedteke. (Neste rådmannsmøte er 4. april og neste styremøte etter dette er 25. april 2014.)

Styret gjekk vidare inn for at representantskapsmøtet 28. mars 2014 vert i kommunereforma sitt teikn.

### **Sak 10/2014: Samarbeidsavtale med Ålesund Kunnskapspark AS**

Ved styreleiar Bjørn Sandnes og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Forslaget til samarbeidsavtale med Ålesund Kunnskapspark AS (ÅKP) var sendt til styret før møtet. Prosjektleder Jan Petter Eide frå ÅKP møtte for å informere om avtalen.

*Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:* Styret vedtek å inngå samarbeidsavtalen med Ålesund Kunnskapspark AS slik den ligg føre.

Styreleiar Bjørn Sandnes gjorde styret merksam på at han også sit i styret i ÅKP, og tok opp spørsmålet om habilitet. Styret konkluderte med at Sandnes var inhabil i saka.

Med berre 4 frammøtte styremedlemmar var då ikkje styret vedtaksført. Saka vart difor utsett til neste styremøte 20. mars 2014.

#### **Sak 11/2014: Tilsetting av utviklingsrettleiar i ungdomstrinnsatsinga**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal.

Tilsettingssak – ikkje offentleg – jf. offentleglova § 25. Administrasjonen hadde før styremøtet sendt eit framlegg til vedtak til styret. Ein ba då styremedlemmane gje tilbakemelding på e-post til dagleg leiar Jan Kåre Aurdal innan fredag 21.02.2014 om ein kunne slutte seg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

*Vedtak:* Styret sluttar seg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

#### **Sak 12/2014: Møte med Mørebenken**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Møte med Mørebenken på Stortinget er tidfesta til 14. mars 2014. Forslag til tema er mellom anna korleis Sunnmøre regionråd og Mørebenken kan samarbeide. Det vert opna for at kommunar kan møte Mørebenken enkeltvis for å ta opp særskilte saker.

#### **Sak 13/2014: Eventuelt**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

##### **13.1 Henvending frå Tibe PR med tilbod om kursing i kriseleiing i kommunane.**

Styret konkluderte med at kursing i kriseleiing i kommunane ikkje vert tema i regionrådet i år. Når det eventuelt vert tema, bør ein nyttiggjere seg den kompetansen som alt finst i kommunane, samarbeide med fylkesmannen samt innhente tilbod frå fleire tilbydarar.

##### **13.2 Spørsmål om kommunal finansiering av prosjektet Mission Possible.**

Styret konkluderte med at ein ikkje vil anbefale medlemskommunane å gå inn med finansiering i dette prosjektet ut over det dei betalar for å delta på samlingane. Prosjektet må finne andre finansieringskjelder, til dømes statlege midlar.